



Sak nr D-

Vår dato:  
08.12.2017

Vår referanse:  
2017/1542-30365/2017

Vår saksbehandlar:  
Alf Helge Greaker

Direkte telefonnr.:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Høyringsframlegg Bømlo kommune planprogram ny kommuneplan 2018 - 2048

Høyring av planprogram og varsel om oppstart av arbeid med ny kommuneplan for Bømlo kommune 2018 – 2048

Kommunestyret i Bømlo har i møte 04.12.17 sak 119/17 vedteke å leggje ut høyringsutkast til planprogram for ny kommuneplan 2018 – 2048 til høyring og offentleg gjennomsyn, i samsvar med Plan- og bygningslova §4-1 og §11-12.

Med dette varslast det også oppstart av arbeidet med ny kommuneplan 2018 - 2048.

Utkastet til planprogram er felles for kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.  
Ein tar sikte på handsaming av samfunnssdelen først.

Høyringsutkast er utlagt til offentleg gjennomsyn på kommunen sine nettsider og på Bømlo Rådhus i tida 11.12.17 til 02.02.2018.

Merknadar til høyringsutkastet til planprogram vert å senda skriftleg til Bømlo kommune. **Det er mogleg å gjennom kommunen sine nettsider på [www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no) – Offentlege høyringsvarskejema,**  
alternativt på elektronisk post: postmottak@bomlo.kommune.no  
eller ordinær post til adresse: Rådhuset, Leirdalen 1, 5430 BREMNES

**Innan 02.februar 2018**

Med helsing  
Bømlo kommune

Alf Helge Greaker  
samfunnsplanlegger  
*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*



Dato: 03.11.2017  
Arkivref: 2017/1542-27000/2017 / 503

Saksbehandlar: Alf Helge Greaker  
alf.helge.greaker@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato

## PLANPROGRAM NY KOMMUNEPLAN 2018 - 2048

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret legg planprogram for ny kommuneplan 2018 – 2048 ut på offentleg høyring med frist 1.februar.

### Saksprotokoll i Formannskapet - 21.11.2017

#### Innstilling:

Formannskapet **innstiller** overfor kommunestyret i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

### Saksprotokoll i Kommunestyret - 04.12.2017

#### Vedtak:

Kommunestyret gjorde samråystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

#### Dokument i saka:

- PS 81/16 Planstrategi for Bømlo kommune 2016 - 2020
- Framlegg til Planprogram - Kommuneplan samfunns- og arealdel 2018 – 2048
- Plan og bygningslova (Lovdata.no: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>)

#### Bakgrunn for saka:

Ut frå Plan og bygningslova (PBL) §11-1 skal alle kommunar ha ein samla kommuneplan som består av ein samfunnsdel (kommuneplanens samfunnsdel - KPS) og ein arealdel (kommuneplanens arealdel – KPA). Kommuneplanen skal omfatte alle viktige mål og oppgåver for kommunen.

Gjeldande kommuneplan for Bømlo Kommune 2013 – 2025, blei vedteke av kommunestyret 18. mars 2013. Behovet for ei ny rullering av kommuneplanen for Bømlo er gjort greie for i gjeldande planstrategi 2016 - 2020.

Etter § 4-1 i plan- og bygningslova skal det for alle kommuneplanar og reguleringsplanar, med vesentleg innverknad på miljø og samfunn, utarbeidast eit planprogram. Rådmannen si vurdering er at ein kommuneplanen kjem inn under ein slik definisjon, og arbeidet med nytt planprogram er i gong no. Planprogrammet er eit verktøy for å styrke tidleg medverknad og gode planprosessar.

Planprogrammet skal gjere greie for:

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltararar
- opplegg for medverknad
- kva alternativ som vil bli vurderte
- behovet for eventuelle utgreiingar

I *Planstrategien* var lagt opp til ei rullering av både samfunns- og arealdelen i løpet av 2017. Dette arbeidet har ikkje blitt igangsett før no, mellom anna fordi ein har venta på å få tilsett ein samfunnsplanleggjar frå august 2017.

Dei siste åra har det kome nye nasjonale forventningar til gode og effektive planprosessar, til dømes med omsyn på:

- krav om samhandling på tvers av sektorar
- attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde
- demokratisk medverknad
- tydelege mål

I tillegg har det kome nye regionale planar som Bømlo skal ta omsyn til. Å sjå all kommunal planlegging meir i samanheng enn tidlegare, er ein spesielt prioritert oppgåve for Bømlo kommune.

For å få ein moderne, oppdatert og anvendeleg kommuneplan som kan stå seg dei neste åra, er det med andre ord behov for ein grundig prosess, både med planprogrammet, samfunns- og arealdelen.

### Vurderingar:

*Planprogrammet* er første del av arbeidet med ny kommuneplan. For å sette dei to delane i kommuneplanen - KPS og KPA – og alle hovudtema som blir valt ut her, i ein tydeleg samanheng med kvarandre, legg me opp til eitt, felles, planprogram for den vidare handsaminga.

I endeleg planprogram kan kommunen legge eit godt grunnlag for resten av planprosessen. I kapittel 2 legg ein til grunn nokre *grunnleggjande prinsipp* for alt planarbeid i kommunen. Vidare vil det vere hensiktsmessig å sile ut nokre av dei mest sentrale og overordna plantema, *hovudtema*, som ein skal jobbe vidare med i kommuneplanen, i høyringsrunden av planprogrammet. Derfor blir det noko lengre høyringstid for denne enn lovfesta minimum.

Her vil kommunestyret sine organ og dei offentlege råda og utvala bli spesielt oppmoda om å komme med innspel.

Hovudtemaa for kommuneplanen er beskrive i kapittel 4 - *framtid og moglegheiter* planstrategien. Med ei sortering i «tema- hierarkiet» vil desse temaa vere naturleg å ha med vidare i kommuneplanen.

Eit anna viktig forventing Bømlo ønsker å leve opp til er tidleg dialog med regionale og nasjonale mynde. Både statlege sektororgan og dei kommunale fagavdelingane skal få anledning til å komme med innspel til planprogrammet.

I PBL §11-2 er det tydeleg uttrykt at det er i KPS kommunen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunenesamfunnet. Denne skal vere grunnlag for sektorane sine delplanar og verksemد i kommunen. Me må understreke at KPS skal ikkje gå i detalj på alle aspekt. Det vil ikkje vere korkje nyttig, eller realistisk, både med tanke på plankapasitet i kommunen, og bruksnytte for kommunen sine innbyggjarar. Planen skal ha nokre tydelege strategiske hovudmål som eit resultat av politiske prioriteringar.

KPS vil ha ein lang tidshorisont, fram til 2048, mens kommunen sitt budsjett -og økonomiplan vil vere planen sin handlingsdel.

KPS er det viktigaste verktøyet for den overordna planlegginga. Derfor blir det lagt opp til ein grundig prosess med KPS med mål om å leggje til rette for god og brei *medverknad* frå heile lokalsamfunnet. Kommunen har gjort seg gode erfaringar med medverknad gjennom arbeidet med kommunedelplanar og skal nytte denne kompetansen vidare. KMD har og utarbeida vugleiar for å sikre betre medverknad i kommuneplanarbeid.

Arbeidet med KPA tar til etterkvar som KPS kan ferdigstilla. Innhaldet og eventuelle val av utgreiningar her, vil basere seg på dei tematiske prioriteringane i KPS. Planen vil vidare bestå av plankart for kommunen sine samlande areal med føresegn, retningsliner og planskildring. Det kan vere mogleg å overlappe noko av arbeidet med KPS, til dømes om ein ønsker strategiske temakart.

Målet er endeleg vedtak av planprogrammet i mars 2018, med høyringsfrist 1.februar 2018. Store delar av 2018 vil gå med KPS med ein god høyringsfrist. Endeleg vedtak kan skje i juni 2019, kanskje tidlegare. Oppstart og høyring av KPA kan skje i 2019 med vedtak juni 2020. Ein slik tidsplan gjer rom for å involvere dei folkevalde både i denne og neste kommunestyreperiode, samstundes med at ein kan ha ein viss «tidsbuffer» for upårekna hendingar.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen direkte konsekvensar for kommunen.

**Miljømessige konsekvensar:**

Prosessens skal resultere i miljømessige konsekvensar, men ikkje planprogrammet i seg sjølv.

**Beredskap- og samfunnstryggleik:**

Klar samanheng mellom god planlegging og god beredskap.

**Folkehelse:**

Å sjå tenestene i samanheng vil ha effekt på folkehelsearbeidet.

**Oppsummering og konklusjon:**

Rådmannen tilrår at planprogrammet vert lagt ut på høyring.

